

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg Kantina
Dato	26.01.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/22 Meldingar
- PS 03/22 Prosjektplan for eigarskapskontroll 2022 Ålesund kommune
- PS 04/22 Skisse til prosjektplan forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet pleie/omsorg - Ålesund kommune
- PS 05/22 Oppsummering frå interimrevisjonen 2021 - Ålesund kommune
- PS 06/22 Årsmelding Ålesund kontrollutval 2021

Ålesund, 19.01.2022

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 01/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
26.01.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Ålesund kontrollutval - 01.12.2021

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	01.12.2021
Tidspunkt	kl 16:00 - 18:00

Frammøtte

Bente Bruun
Knut Helge Vestre
Terri-Ann Senior

Forfall

Jannicke Strømmen
Kåre Alfred Hanken

Varamedlem

Svein Inge Alnes

Møtenotat

Frå kommuneadministrasjonen møtte kommunedirektør Steven Hasseldal, leiar politisk sekretariat Dagrun Lorgen Jensen og stabssjef Lars Fylling på orienteringssakene i starten av møtet. Frå MR revisjon møtte oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen og nestleiar Kurt Løvoll. Frå sekretariatet møtte rådgivar Solveig Kvamme

Kontrollutvalet ynskjer at Møre og Romsdal revisjon SA legg fram eit utkast til projektskisse for forvaltningsrevisjon knytt til kvalitet innan pleie og omsorgstenestene, til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har eit ynskje om å få meir informasjon om stiftingar til kommunen og om kva handlingsrom kommunen har knytt til stiftingar. Ber om at sekretariatet sørge for at kontrollutvalet kan få slik informasjon på eit seinare møte.

Kontrollutvalet vil gjerne vere orientert om kva tilsyn andre offentlege instansar som t.d. statsforvaltaren gjennomfører knytt til kommunen, og ber om at sekretariatet regelmessig legg fram ei slik oversikt som melding til kontrollutvalet.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 38/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- OS 02/21 Reglement for folkevalde organ i Ålesund kommune - orientering
- OS 03/21 Varslingsinstituttet i Ålesund kommune - årleg orientering 2021
- OS 04/21 Status økonomi
- PS 39/21 Forenkla etterlevingskontroll - plan for 2021
- PS 40/21 Eigarskapskontroll Ålesund kommune - bestilling av prosjektskisse
- MS 03/21 Henvending om sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale
- MS 04/21 Oversikt per 21.10.2021 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

PS 38/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 38/21 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

OS 02/21 Reglement for folkevalde organ i Ålesund kommune - orientering

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Leiar for politisk sekretariat Dagrun Lorgen Jensen orienterte om kva som var endra ved siste revisjon av desse to reglementa. Ho orienterte også om korleis frikjøpsordninga fungerer. Det vert arbeidd med å få på plass gode internkontrollrutiner knytt til frikjøpsordninga.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 02/21 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 03/21 Varslingsinstituttet i Ålesund kommune - årleg orientering 2021

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Kommunedirektør Jon Steven Hasseldal orienterte om status for arbeidet i varslingsnemnda. Kontrollutvalet ønskjer ei årleg orientering vidare.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 03/21 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 04/21 Status økonomi

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Stabssjef økonomi og verksemdstyring Lars Fylling orienterte om status for økonomien i kommunen.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 04/21 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 39/21 Forenkla etterlevingskontroll - plan for 2021

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for etterlevingskontroll 2021 til vitande.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 39/21 vedtak

Ålesund kontrollutval tek framlagte plan for etterlevingskontroll 2021 til vitande.

PS 40/21 Eigarskapskontroll Ålesund kommune - bestilling av prosjektskisse

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber om at det vert gjort eigarskapskontroll knytt til Ålesund kommune sitt eigarskap i

Kontrollutvalet ber om at det vert utarbeidd ei prosjektskisse med dei moment som kom fram i møtet.

Prosjektskissa for eigarskapskontroll vert å legge fram på kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Nytt forslag til tilråding: Opprinneleg forslag unntatt første punkt, foreslått av Bente Bruun,

Kontrollutvalet ber om at det vert utarbeidd ei prosjektskisse med dei moment som kom fram i møtet.

Prosjektskissa for eigarskapskontroll vert å legge fram på kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

Votering nytt forslag: Samrøystes

ÅKU - 40/21 vedtak

Kontrollutvalet ber om at det vert utarbeidd ei prosjektskisse med dei moment som kom fram i møtet.

Prosjektskissa for eigarskapskontroll vert å legge fram på kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

MS 03/21 Henvending om sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Kontrollutvalet gjorde ei vurdering av henvendinga og kom fram til at dei ikkje ynskjer å gå nærare inn på temaet henvendinga tek opp no.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 03/21 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 04/21 Oversikt per 21.10.2021 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Tilrådning til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 01.12.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 04/21 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 02/22	Ålesund kontrollutval	26.01.2022

Meldingar

Underliggende saker

01/22	Melding om tilsynsrapport frå Arkivverket 2021
02/22	Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022
03/22	Melding om tilsynsrapport om undersøkingar i barnevernet 2021

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 01/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato

Melding om tilsynsrapport frå Arkivverket 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Samandrag frå tilsynet:

Arkivverket gjennomførte i tilsyn hjå Ålesund kommune 10. og 12. mai 2021. Arkivverket gjennomfører tilsyn med arkiv og dokumentasjonsforvaltning i kommuna der målet er å sjå om kommunene oppfyller dei plikter som følgjer av arkivlova med forskrifter. Eit slikt tilsyn skal føre til betre kvalitet på arkivarbeidet og dokumenthandteringa. Slik at dokumenta vert sikra for samtid og ettertid som grunnlag for demokrati, rettstryggleik og kulturarv.

Rapporten frå Arkivverket som her vert lagt fram som melding inneheld positive funn om at den daglege arkiveringa og journalføringa i hovudsak fungerer godt. Og at plan for langtidsbevaring av elektroniske system frå dei fem tidlegare kommunane er laga. Samarbeidet med IKA Møre og Romsdal vert trekt fram som positivt i dette arbeidet.

Arkivverket har gjeve kommunen 4 pålegg for å lukke avvik:

- Pålegg 1: Oppdatere arkivplanen

- Pålegg 2: Kartlegg og dokumenter aktive og avslutta elektroniske system som inngår i organets arkiv
- Pålegg 3: Utarbeide rutiner for elektronisk behandling av arkivdokument
- Pålegg 4: Utarbeid ein plan for å ordne og listeføre bortsett, eldre og avslutta arkiv

Arkivverket har lukka avvik knytt til pålegg 4 og gjeve frist til 01.05.2022 for å utbetre pålegga er utgangen av 2021. Det er Arkivverket som følgjer opp dette.

Vedlegg

Tilsynsrapport arkivorganisering og elektronisk arkivering 2021 - Ålesund kommune

Saksframlegg

Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Samandrag:

Ein velfungerande eigenkontroll styrkjer innbyggjarane sin tillit til kommunen og er viktig for å sikre effektiv og rett bruk av ressursane. Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret, kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både si eiga og kvarandre sine roller. Målet med kontrollutvalsboka er å skape større forståing for rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og å medverke til eit godt samspel mellom dei ulike aktørane.

I kontrollutvalsboka gjer departementet greie for si generelle forståing av kommunelova og dei aktuelle forskriftene. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar når dei brukar lova, og for vedtaka sine.

Første utgåve av kontrollutvalsboka vart utarbeidd av Deloitte på oppdrag frå departementet. Når no kontrollutvalsboka kjem i tredje utgåve, så er denne oppdatert av departementet i samarbeid med FKT - Forum for kontroll og tilsyn og NKRF- kontroll og revisjon i kommunene. Den nye kommunelova med forskrifter er innarbeidd i den nye utgåva. Nokre andre oppdateringar er gjorde.

Førebels finn ein boka kun som eit elektronisk dokument på: [Kontrollutvalsboka - regjeringa.no](https://www.kontrollutvalsboka-regjeringa.no)

Når boka kjem som trykt eksemplar litt utpå nyåret 2022 vil medlemmane i kontrollutvala få ho utdelt.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 03/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato

Melding om tilsynsrapport om undersøkingar i barnevernet 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Samandrag:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med Ålesund og Fjord barnevernsteneste i oktober 2021. Fokuset i tilsynet var å undersøke om kommunen sørgjer for at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav, slik at barna får trygge og gode tenester.

Dette tilsynet er ein del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Rapporten vert lagt fram for kontrollutvalet her som ei melding.

Tilsynet avdekte fleire manglar i dokumentasjonen av barnevernet sine vurderingar som er i strid med barnevernlova § 1-4. Det kom vidare fram at barn og foreldre sin rett til medverknad ikkje var sikra tilstrekkeleg og at barneverntenesta ikkje vurderte kva som er best for barnet i undersøkingane. Statsforvaltaren peiker på at dette er i strid med barnevernlova § 1-6, § 1-7 og § 4-1.

I følgje rapporten datert 16.12.2021 frå Statsforvaltaren så er det skissert ei rekke tiltak som skal setjast i verk for å rette lovbrota. Dette skal setjast i verk innan 01.06.2022 og tenesta

skal gjennomføre eigenvurderingstilsyn med arebidet innan 01.11.2022. Det er Statsforvaltaren som følgjer opp dette.

Vedlegg

Tilsynsrapport undersøkingar i barnevernet 2021 - Ålesund og Fjord kommunar

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 03/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
26.01.2022

Prosjektplan for eigarskapskontroll 2022 Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek at det vert gjort ein eigarskapskontroll i Ålesund kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gav i sitt møte 01.12.2021 ei bestilling på ein prosjektplan for eigarskapskontroll Ålesund kommune.

Eigarskapskontroll er i kommunelova ei pålagt oppgåve som kontrollutvalet skal gjennomføre og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Marianne Hopmark vil i kontrollutvalet sitt møte 26.01.2022 legge fram ei skisse til ein prosjektplan for gjennomføring av eigarskapskontroll i Ålesund kommune. Den er vedlagt.

Ålesund kommune eig, som utvalet er kjent med mellom anna gjennom eigarskapsmeldinga, mange ulike selskap og gjennom ulike selskapsformer. Revisor har i sitt framlegg til prosjektplan føreslått at når ein gjennom eigarskapskontrollen skal sjå på kommunen som eigar knytt til konkrete selskap, så har ein vald ut nokre selskap med ulik selskapsform og eigardel. To ulike AS der kommunen er deleigar, eit AS som er heileigd av kommunen og eit interkommunalt samarbeid er føreslått.

I ein prosjektplan for eigarskapskontroll er det naturleg at følgjande forhold er omtala:

- tema og eventuelt kva selskap som skal undersøkjast
- bakgrunn

- problemstillingar
- kva type informasjon som skal hentast inn, og korleis
- framdriftsplan
- ressursbruk

I den skissa revisor legg fram her er dette etter sekretariatet sitt syn godt dekt.

Likevel er det viktig at kontrollutvalet brukar tid i møtet til å sikre at utvalet og revisor er einige om bestillinga gjennom problemstillingane og utval av selskap.

Og at dette dekker det kontrollutvalet meiner har verdi for kommunestyret å få informasjon om.

Vedlegg

Skisse til prosjektplan for eigarskapskontroll 2022 Ålesund kommune

Erklæring om oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor sitt sjølvstende



PROSJEKTPLAN

ÅLESUND KOMMUNE

EIGARSKAPSKONTROLL

JANUAR 2022

SAMANDRAG PROSJEKTPLAN

Problemstillingar	1. Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring? 2. Blir kommunen sine eigarinteresser i Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?
Kjelder til revisjonskriterium	• Kommunen sine saker og vedtak om eigarskap og eigarstrategiar • Aksjelov og lov om interkommunale selskap • <i>KS Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll</i> • <i>NIBR Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap</i> • <i>NUES – Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse – norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse</i> • Reelle omsyn (til dømes kva andre kommunar har funne føremålstenleg)
Metode	• Gjennomgang av styringsdokument • Intervju • Eventuelt andre naudsynte metodar
Tidsplan	Januar 2022 – mai 2022
Prosjektteam	Oppdragsansvarleg revisor: Marianne Hopmark Marianne.Hopmark@mrrevisjon.no Utførande forvaltningsrevisor: Anne-Lise Roald Anne-Lise.Roald@mrrevisjon.no
Erklæring om revisors sjølvstende	Ingen av dei involverte revisorane vil få habilitetsproblem ved gjennomføringa av prosjektet. Erklæring om revisors sjølvstende frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor ligg som vedlegg til prosjektplanen.
Kontaktperson Ålesund kommune	Kommunedirektør eller den som denne delegerer mynde til.
Kontaktperson Møre og Romsdal Revisjon SA	Marianne Hopmark Anne-Lise Roald

BESTILLING

1. desember 2021 bestilte kontrollutvalet i Ålesund kommune ein prosjektplan for ein ny eigarskapskontroll. Eigarskapskontrollen er prioritert i plan for eigarskapskontroll 2020-2024. Eigarskapskontrollen skal gjennomførast i tråd med kommuneloven § 23-2 første ledd bokstav d, § 23-4, § 23-6 og § 24-2 første ledd samt forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Prosjektet sitt føremål er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis det einskilte eigarskap (føretak) vert følgt opp reint praktisk. Prosjektet om kommunen si eigarskapsforvaltning er ikkje ein selskapskontroll av dei einskilte selskap, men ein kontroll av kommunen sin eigaroppfølging av alle selskap. Kontrollutvalet sine føringar for eigarskapskontrollen er at den skal undersøke korleis kommunen utfører sitt eigaransvar, med særleg fokus på Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

PROBLEMSTILLINGAR

1. Blir kommunen sine eigarinteresser utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?
 - a. Har kommunen etablert tydelege føringar for sitt eigarskap?
 - b. Har kommunen etablert føremålstenlege reglar og rutinar for eigarskapsoppfølginga, mellom anna føringar og rapporteringar mellom kommunestyret og eigarrepresentantar?
 - c. Forvalta kommunen sitt eigarskap i tråd med dei etablerte reglane?
2. Blir kommunen sine eigarinteresser i Tafjord Kraft AS, Vekst Ørskog AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelt lovverk samt etablerte normer for god eigarstyring?
 - a. Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?
 - b. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - c. I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i aksjelova og IKS-loven?
 - d. I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?

- e. I kva grad har kommunen følgt opp selskapet i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
- f. I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?

KJELDER TIL REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunnlagt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet vil det vere naturleg å leggje følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Kommunen sine saker og vedtak om eigarskap og eigarstrategiar, medrekna:
 - Kommunen sin eigarskapsstrategi og eigarskapsmelding
 - Overordna eigarstrategiar
 - Reglar for eigarstyring og selskapsrapportering
 - Opplæring av folkevalde representantar i eigarorgan og styre
- Aksjelov og lov om interkommunale selskap
- *KS Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll*
- *NIBR Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap*
- *NUES – Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse – norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse*
- Reelle omsyn (til dømes kva andre kommunar har funne føremålstenleg)

METODE

Eigarskapskontrollen skal utførast i tråd med god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for eigarskapskontroll er RSK 002 som er utarbeidd av Norges Kommunerevisorforbund.

Vi vil i dette prosjektet bruke fleire metodar for å hente inn data. Ei slik metodetriangulering vil styrke undersøkinga sitt truverd og redusere risikoen for feil. Vi skal hente inn data i tilstrekkeleg omfang til å kunne svare på problemstillingane.

Vi ser føre oss at det vil vere aktuelt med dokumentgjennomgang, samt å gjennomføre intervju med tilsette og eigarrepresentantar. I tillegg kan det vere aktuelt å gjere undersøkingar blant sentrale aktørar i kommunen og i dei utvalde verksemdene på ulike fagområde.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Marianne Hopmark	Oppdragsansvarleg
Anne-Lise Roald	Forvaltningsrevisor

Vi estimerer at prosjektet kan gjennomførast på 400 timar. Dette inneheld førebuing av prosjektet, utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Bestilling	1.12.2021
Prosjektplan behandlast i kontrollutvalet	januar 2022
Oppstartsmøte med kommunedirektør	februar 2022
Datainnsamling	februar - mars 2022
Arbeid med rapport	mars - april 2022
Høringsperiode	april 2022
Planlagt levert ferdig rapport	medio mai 2022

For å kunne gjennomføre prosjektet innan planlagd frist og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over dokumentasjon innan fristane som blir sett. I tillegg må utvalde personar stille til intervju, samt verifisere referat innan rimeleg tid.

UAVHENGIGHEIT

Som vedlegg ligg erklæring om uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor har henta inn tilsvarande erklæringar frå revisjonsteamet, og har også ansvar for å gjere dette dersom det blir nødvendig at andre i Møre og Romsdal Revisjon AS blir involvert i arbeidet.

Til Kontrollutvalget i Ålesund kommune

Kristiansund, 06.01.2022

Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet for Ålesund kommune

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Møre og Romsdal Revisjon SA har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge forskriften om kontrollutvalg og revisjon § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Marianne Hopmark er oppdragsansvarlig revisor for prosjektet Eigarskapskontroll i Ålesund kommune. Prosjektet skal gjennomføres fra januar til mai 2022. I det følgende gis en vurdering av egen uavhengighet.

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.
Stillinger i virksomhet (§ 18 b)	Undertegnende har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av.

Medlem av styrende organer (§ 18 c)	Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av.
Deltakelse eller funksjoner i annen virksomhet (§ 18 d)	Undertegnede deltar ikke i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som kan medføre at revisors interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisor.
Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)	Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt. Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor kommunen som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.
Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f)	Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor kommunen som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.
Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for kommunen.

Kristiansund, 06.01.2022



Marianne Hopmark
Oppdragsansvarlig revisor
Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/22	Ålesund kontrollutval	26.01.2022

Skisse til prosjektplan forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet pleie/omsorg - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon innan kvalitet i heimetenestene i Ålesund kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektplanen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunn:


Ålesund kontrollutval bad i sitt møte 01.12.2021 om at det vert bestilt ei prosjektskisse til forvaltningsrevisjon innan kvalitet i pleie og omsorg, Ålesund kommune. Og at skissa vert lagt fram for kontrollutvalet på møte 26.01.2022. Denne bestillinga er i tråd med vedteken Plan for forvaltningsrevisjon. Den vart vedteken av Ålesund kommunestyre 10.11.2020 med følgjande prioriterte fokusområder:

1. Sjølvkost innan teknisk sektor (denne er gjennomført)
2. Kvalitet innan pleie/omsorg
3. Økonomistyring i oppvekstsektoren
4. Rutiner for offentlege innkjøp

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Vurdering:

Det er revisor som gjennomfører forvaltningsrevisjonen, men kontrollutvalet har ei sentral rolle gjennom heile prosessen. Revisor utfører den på vegne av kontrollutvalet, og er ansvarleg for at gjennomføringa er i samsvar med regelverk og god kommunal revisjonsskikk. Illustrasjonen under viser dette. (Kilde for illustrasjonen er Kontrollutvalsboka 2022)



Det er no i behandlinga av skissa til prosjektplan at kontrollutvalet har størst innverknad på problemstillingane som skal undersøkjast, og dermed kva prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på dette, for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske.. I den skissa som oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll legg fram for kontrollutvalet så har revisor foreslått å spisse området til å gjelde kvalitet i heimetenesta. Kontrollutvalet bør drøfte og ta stilling til om dette er den spissinga de ynskjer eller om der er andre områder innan pleie/omsorg som utvalet heller ynskjer å revidere fordi det kan ha større verdi for kommunestyret.

Innhaldet i ein prosjektplan bør ha med:

- bakgrunn
- føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterium
- metode
- tids- og ressursbruk

Ut frå sekretariatet si vurdering inneheld denne skissa til prosjektplan det meste av dette, men føremålet kjem ikkje så tydeleg fram. Kontrollutvalet kan med fordel bidra til at føremålet vert tydelegare, for det er kanskje det som seier noko om kva verdi dette kan ha for kommunestyret.

Vedlegg

Utkast til prosjektplan forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet pleie/omsorg Ålesund kommune



PROSJEKTPLAN KVALITET I HEIMETENESTA

ÅLESUND KOMMUNE

INNHALD

Bakgrunn	1
Problemstillingar	3
Avgrensing.....	3
Revisjonskriterium	4
Metode.....	4
Prosjektgruppe og timeanslag	4
Framdriftsplan.....	5

BAKGRUNN

Ålesund kontrollutval bestilte utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innanfor temaet «Kvalitet innan pleie/omsorg» i møte 01.12.2021. Bakgrunnen for bestillinga er Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 vedteken i Ålesund kommunestyre 7.10.2020– sak 39/20.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphald i institusjon, tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Kommunane kan også ha ordningar og tilbod som matlevering og tryggleiksalarm. Omsorgstenestene må vere organisert slik at brukaren så langt som mogleg kan leve og bu sjølvstendig, og tenestene skal bli utforma i samråd med denne.

Ifølgje Ålesund kommune si heimeside, har kommunen brukt mykje ressursar på harmoniseringsarbeid knytt til system, organisering, økonomi og på kvalitetsarbeid i samband med kommunesamanslåinga. Særleg har arbeidet med å skaffe god oversikt over den økonomiske situasjonen vore svært arbeidskrevjande.

Når ein til dømes ser på netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner til pleie og omsorg, så ligg Ålesund kommune høgare enn dei andre kommunane i same KOSTRA-gruppe 11. Tala viser vidare at Ålesund kommune har ein litt lågare del brukar-retta årsverk i omsorgstenesta med helsefagutdanning enn KOSTRA-gruppe 11. Helsefagutdanning er t.d. sjukepleiar, helsefagarbeidar, vernepleiar m.m.(alesund.kommune.no).

I Ålesund kommune sin økonomiplan beskriv dei blant anna økonomiske mål og prinsipp for helse- og omsorgssektoren for 2022. Dei største nye tiltaka i presentasjonen til kommunedirektøren si innstilling var:

Tiltak	Økonomisk målbilete	Risiko
HELSE OG OMSORG:		
Ny org.struktur i pleie- og omsorgstenestene	7,4 mill. kr	Høg
Vridning av teneste – ref. innsatstrappa: Mål om redusert behov for institusjonsplassar. (Borgundheimen, Sanitetshjemmet)	59,7 mill. kr	Svært høg
Vridning av teneste – ref. innsatstrappa: Mål om redusert behov for institusjonsplassar.	7,8 mill. kr	Svært høg
Reduksjon i sjukefråver og innleid arb.kraft	10,0 mill. kr	Høg
Generell innsparing – 2 %	20,0 mill. kr	Høg

Tilsvarende kan ein ta med for Velferd og sysselsetting:

Tiltak	Økonomisk målbilete	Risiko
VELFERD OG SYSSELSETTING:		
Ny org.struktur i pleie- og omsorgstenestene	4,9 mill. kr	Høg
Nytt bukollektiv på Klipra – trinn 1	4,5 mill. kr	Lav
Nytt bukollektiv på Klipra – trinn 2	3,9 mill. kr	Høg
Innsatstrappa – auka satsning på ambulante tenester, endring i bustadtilbod	27,5 mill. kr	Særs høg

ORGANISERING AV PLEIE- OG OMSORG

Dei heimebaserte tenestene i Ålesund kommune er delt i følgjande distrikt:

- Hessa-Borgund heimetenestedistrikt
- Indre Haram omsorgsdistrikt
- Sandøy og Nordøyane omsorgsdistrikt
- Skodje og Ørskog omsorgsdistrikt
- Ytre Haram omsorgsdistrikt
- Åse-Blindheim heimetenestedistrikt

På alesund.kommune.no blir følgjande tenester nemnde under «Hjelp i heimen»: Heimesjukepleie, Praktisk bistand/heimehjelp, brukarstyrt personleg assistanse, Middag på døra, Kvardagsrehabilitering, Hjelpemiddel, Avlastning, Demens, Fysio-/ergoterapi.

Det er 12 sjukeheimar/institusjonar i kommunen:

- Aspøy omsorgssenter
- Blindheim omsorgssenter
- Eidet omsorgssenter (Organisert under Indre Haram omsorgsdistrikt)
- Haram omsorgssenter (Organisert under Ytre Haram omsorgsdistrikt)
- Hatlane omsorgssenter
- Sandøytunet (Organisert under Sandøy og Nordøyane omsorgsdistrikt)
- Sanitetshjemmet
- Skarbøvik sjukeheim
- Skodje omsorgssenter (Organisert under Skodje og Ørskog omsorgsdistrikt)
- Spjelkavik omsorgssenter
- Ørskog omsorgssenter (Organisert under Skodje og Ørskog omsorgsdistrikt)
- Åse helsehus

PROBLEMSTILLINGAR

Det skal utarbeidast problemstillingar for kvar forvaltningsrevisjon.

Med utgangspunkt i strategien til kommunen for arbeidet i pleie- og omsorg, er det grunn til å tru at trykket på heimetenestene vil auke. Fleire tiltak er allereie iverksett og revisjonen rår til at ein avgrensar prosjektet til å sjå nærare på korleis kvaliteten i heimetenestene er. Vi foreslår følgjande problemstillingar:

Problemstilling 1:

Er heimetenesta organisert slik at helsepersonell kan gi dei tenestene som brukarane har behov for?

Spørsmålsstillingar kan vere:

- Har kommunen etablert eit system av skriftlege prosedyrar som sikrar at heimetenesta følgjer lovkrav til tenestene?
- Sikrar kommunen at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg og kvalifisert bemanning i heimetenesta?
- Sikrar kommunen at dei tilsette i heimetenesta får nødvendig og oppdatert informasjon som er viktig for rett tenesteyting til kvar enkelt brukar?

Problemstilling 2:

Arbeider kommunen tilstrekkeleg med evaluering, korrigering og forbetring av kvaliteten på heimetenestene?

Spørsmålsstillingar kan vere:

- Har kommunen eit system for å evaluere, korrigere og forbetre prosedyrar, instruksar, planar, tiltak og mål i heimetenesta?
- Har kommunen eit system for å evaluere, korrigere og forbetre rutinar etter gjennomgang av avvik og uønskete hendingar i heimetenesta?
- Har kommunen eit system for å innhente erfaringar og synspunkt frå brukarar, og å bruke desse til korrigering og kvalitetsforbetring av heimetenestene?

Vi legg til grunn at det kan bli gjort justeringar og konkretiseringar av problemstillingar undervegs i prosjektet. Ved vesentlege endringar vil vi ta kontakt med kontrollutvalet. Vi vil uansett ha ein kontinuerleg dialog med kontrollutvalssekretariatet.

AVGRENSING

Vi foreslår å avgrense prosjektet til å undersøke kvalitet innan pleie og omsorg i heimetenesta. Vi ser det som hensiktsmessig å undersøke om kommunen har eit system som sikrar at den enkelte brukar får dei tenestene dei har behov for, og om kommunen oppfyller si plikt til å evaluere, korrigere og forbetre kvaliteten på tenestene.

Vi tek sikte på å hente informasjon om heimetenestene frå fleire omsorgsdistrikt. Dette for å kunne samanlikne tenestene som blir gitt uavhengig av kor ein bur.

Dette prosjektet vil med andre ord ikkje sjå nærare på kvaliteten på tenestene i institusjonane i kommunen.

REVISJONSKRITERIUM

Med utgangspunkt i problemstillingane skal det etablerast revisjonskriterium. Revisjonskriterium er dei krav, normer eller standardar som kommunen skal bli vurdert opp mot. Revisjonskriteria skal vere grunngjevne i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. Revisjonskriteria skal vere relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som gjeld for forvaltningsrevisjonsobjektet innafør den aktuelle tidsperioden.

Revisjonskriteriene vil i all hovudsak bli henta frå følgjande kjelder:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- Helsepersonelloven
- Helse- og omsorgstjenesteloven
- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting

METODE

Undersøkinga blir gjennomført etter Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Vi vil i dette prosjektet nytte fleire metodar for å hente inn data. Dette styrker undersøkinga si truverdigheit og minska risikoen for at vi tar feil. Vi skal hente inn data i tilstrekkeleg omfang for å svare på problemstillingane.

Vi tek sikte på følgjande:

- Analyse av kommunen sine styringsdokument i internkontrollsystemet
- Intervju med einingsleiarar, andre leiarar og ev. brukarorganisasjonar mv.
- Spørjeskjema til tenesteytarar i heimetenesta
- KOSTRA-gjennomgang/statistikk

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

Vi vurderer at prosjektet kan bli gjennomført på om lag 400 timar. Timeanslaget inneheld utarbeiding av problemstillingar, revisjonskriterium, datainnsamling- og analyse, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport og presentasjon av ferdig rapport i kontrollutvalet.

NAVN	TITTEL
Kurt Anders Løvoll	Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor
Lillian Reder Kristoffersen	Forvaltningsrevisor
Anne-Lise Roald	Forvaltningsrevisor

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Forslag til prosjektplan i kontrollutvalet	januar 2022
Oppstartmøte med kommunedirektør	februar 2022
Datainnsamling	februar - april 2022
Arbeid med rapport	april- mai 2022
Høringsperiode	mai 2022
Planlagt levert ferdig rapport	medio juni 2022

For å kunne gjennomføre prosjektet innan planlagd frist og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over dokumentasjon innan fristane som blir sett. I tillegg må utvalde personar stille til intervju, samt verifisere referat innan rimeleg tid.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 05/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
26.01.2022

Oppsummering frå interimrevisjonen 2021 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si oppsummering frå interimrevisjon 2021 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, også den konsoliderte årsrekneskapen, og dessutan årsrekneskapen i kommunale føretak og lånefond. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåvene til kommunen.

Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresettt gjennom året. I interimrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.

Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 26.01.2022 vil oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen gje kontrollutvalet ei oppsummering av interimrevisjonen 2021. Hennar presentasjon ligg ved saksframlegget.

Målet er at revisor gjev ei oppsummering som kan gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt. Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen så bør

kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad at dei fører til eventuelle endringar for planen for revisjon av årsrekneskapen for 2021.

Vedlegg

Rapport frå interimsrevisjon 2021 - Ålesund kommune



Rapport etter interim 2021

ÅLESUND KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 26.JANUAR 2022

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

Faser i regnskapsrevisjon

2

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av - og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Efterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget i desember-møtet?

- **Interimsrevisjon** – Foreløpig analyse av kommunens regnskap

Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon – møte

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariatet
Møte med kontrollutvalg

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
MRR-dagen og/eller Webinar
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Identifiserte risikoer etter revisjon 2020

- ▶ Økonomisk handlingsrom
 - Inndekning – usikker situasjon
- ▶ IT sikkerhet – IT kontroller
- ▶ Mangler vedrørende helhetlig kontrollrutine
- ▶ Budsjett – sammenheng mellom regnskap budsjettstyringsverktøy
- ▶ Overførings-/og salgsområde – gamle fordringer og tapsvurdering
- ▶ Innkjøp-/kostnadsområdet – periodisering, klassifisering gjeld/fordring
- ▶ Investering – skille drift/investering
- ▶ Lønn - løpende avstemming, opprydding balanseposter, dokumentasjon
- ▶ Finans – minstefradrag – strukturering av gjeldsportefølje

Prøveavslutning pr 31.8

Det er gjennomført en «prøveavslutning» pr. 31.8

Hensikten var å få en oversikt og rydde opp i gamle poster
I tillegg være bedre forberedt og rustet til selve årsoppgjøret

Tilbakemelding på at målet synes oppnådd

Anslått risiko etter interim

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon	
Regnskapsrapportering		Høy
Salgsområdet		Lav/middels
Innkjøp / kostnadsområdet		Middels
Driftsmidler / investeringsområdet		Middels/høy
Lønnsområdet		Lav/middels
Overføringsområdet		Lav/middels
Finansområdet		Middels

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Høy anslått risiko

Revisjonshandlinger på dette området blir i stor grad gjennomført ved årsoppgjørrevisjonen.

Test av ledelseskontroller: Periodisk regnskapsrapportering til kommunestyret. Stabssjef for økonomi og virksomhetsstyring og finansansvarlig har rapportert per tertial på både regnskap og finans. Vi vurderer det slik at rapportene omtaler vesentlige forhold

Identifiserte risikoer 2020:

Kartlegging generell IT kontroller – ny gjennomgang

- Tilgangskontroll Visma –kontrollert at de som har sluttet ila året har fått deaktivert bruker – avvik akseptabelt forklart

Budsjett – sammenheng mellom regnskap og budsjettstyringsverktøy

- Løpende dialog med administrasjonen – foreløpig ikke konkludert – integrasjon mulig løsning

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Selvkostområdet • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift	Lav/middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Antagelse (presumpsjon) tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises Interimsrevisjon av salgsområdet: - Rutinekartlegging - Analyse Identifisert risiko 2020 – fordringer/ tap på fordringer: Prøveavslutning - kommunen har gjennomgått store deler av eldre kundefordringer for vurdering av tap/tapsføring

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps / kostnadsområde	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Middels anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. Interimsrevisjon av innkjøps og kostnadsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroll - kontroll av attestasjon og anvisning Ved vår bilagskontroll i forbindelse med kommunens søknad om momskompensasjon, har vi kontrollert at bilag blir attestert og anvist av to ulike personer – det er ikke funnet avvik her Vår kontroll av attestasjon og anvisning blir også delvis dekket ved å teste generelle IT-kontroller – rolletildeling Identifisert risiko 2020: Periodisering og klassifisering kontrolleres i årsoppgjøret

Revisjonstilnærming – driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv)
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Middels/høy anslått risiko

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura.

Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil.

Interimsrevisjon av driftsmidler/ investeringsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Test av kontroller – kontroll på anskaffelser over 100` og investeringsprosjekt gjennomgang

Anskaffelser over 100` - ingen avvik avdekket – kontroller fungerer

Identifisert risiko 2020:

Investeringsprosjekt – oversikt over samtlige investeringsprosjekt med egen vurdering i tvilstilfeller – rapporten er under utarbeidelse og forventet levert innen kort tid

Revisjonstilnærming - lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav/middels anslått risiko

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner.

Interimsrevisjon av lønnsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av timer, reiseregninger og etter kontrollerte lønningslister

Vår test viser ingen avvik på attestasjons og anvisningsrutinene i lønnssystemet på variabel lønn.
Etterkontroll av lønningslister for fast lønn blir gjennomført i slutten av januar.

Identifisert risiko 2020:

Prøveavslutning: Kommunen har «ryddet» i eldre poster i balansen relatert til lønn samt avstemt løpende

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Revisjonstilnærming - overføringsområdet

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: <u>Overføringsinntekter:</u> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (inv) <u>Overføringsutgifter:</u> • Overføring og tilskudd til andre (drift) • Tilskudd til andres investeringer (inv)	Lav/middel anslått risiko Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Interimsrevisjon av overføringsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroller – utvalgt tema - økonomisk sosialhjelp Økonomisk sosialhjelp: Kartlegging av generelle kontroller/IT kontroller som ligger i fagsystemet Socio – kontroll av utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Det kreves dobbel godkjenning av to ulike personer på NAV før sosialhjelp går til utbetaling. Utbetaling foretas av en 3.person på økonomiavdelingen. Rutinene er tilfredsstillende og blir etterlevd iht. beskrivelsen. Mulige funn: Avstemming: manglende kontroll mellom forsystem og Visma – kommunisert og nye rutiner er bekreftet under utarbeidelse Dokumentasjon: manglende dokumentasjon i Visma mot forsystemet Særattestasjoner foretas løpende – mva. komp, tilskuddsordninger mv.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko transaksjonsklasser: • Renteinntekter og renteutgifter (drift) • Avdrag på lån (drift) • Utbytter (drift) • Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) • Investerings i aksjer og andeler (inv) • Salg av finansielle anleggsmidler (inv) • Utlån av egne midler (inv) • Avdrag på lån (inv) • Utdeling fra selskaper (inv)	Middels anslått risiko Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulike risikovurdering. Interimsrevisjon av finansområdet: - Rutinegjennomgang - Test av kontroller – bankavstemming Kommunen brukes avstemmingsmodulen i Visma på bankkonti med mange transaksjoner, avstemmes månedlig Identifisert risiko 2020: Minimumsavdrag– mottatt og kontrollert beregnet avdrag– bekreftet betalt pr 31.12

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Kontrollene gjennomføres i all hovedsak som substans i årsoppgjøret

Avslutning

- ▶ Vi har løpende dialog med administrasjonen og opplever at det er fokus på utvikling av rutiner for å bidra til god økonomistyring og rapportering.
- ▶ Vi har erfart at administrasjonen er godt i gang med å planlegge årsoppgjøret og eventuelle problemstillinger oppleves å løses løpende.



“ Vi vil bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 06/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
26.01.2022

Årsmelding Ålesund kontrollutval 2021

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval vedtek si årsmelding for 2021 og ber sekretariatet arbeide inn dei endringar som kom fram i møtet. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørgje for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap. Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2021 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna mål.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og utvalet vert oppmoda om å kome med innspel i møtet til det utkastet som ligg til grunn. Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.

Vedlegg

Utkast til årsmelding 2021 Ålesund kontrollutval



ÅLESUND
KOMMUNE

Årsmelding 2021


Ålesund kontrollutval

OPEN - ENGASJERT - MODIG

Nasjonal gjennomslagskraft, regional attraktivitet og lokal identitet.

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monelege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen. For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Ålesund kontrollutval har for perioden 2020-2023 slik samansetning:

- Bente Bruun – leiar
- Terri-Ann Senior – nestleiar
- Kåre Alfred Hanken – medlem
- Jannicke Strømmen – medlem
- Knut Helge Vestre - medlem

Om revisjonen

Ålesund kommune nyttar Møre og Romsdal revisjon SA som revisor.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller forskrift. Til dømes skal rekneskapsrevisor gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og revisor skal kontrollere

grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor gjev og ei rekke attestasjonar og fråsegn til mellom anna ulike statlege styresmakter.

I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale, slik som risiko- og vesentlegvurderingar i samband med utarbeiding av planar og ulike former for undersøkingar.


Oppdragsansvarleg revisor har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Om sekretariatstenesta

Ålesund kommune eig ein del av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS saman med kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula og Sykkylven. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen.

For at kontrollutvalet skal fylle kontrollfunksjonen sin er utvalet avhengig av støtte og tenester frå sekretariat og revisor. Sekretariatet er den viktigaste hjelparen og støttespelaren til kontrollutvalet, og skal sikre at saker som blir handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og førebudde, og at vedtak vert følgt opp. Kapasiteten til sekretariatet vart styrka i starten av 2021, då selskapet utvida frå 1,1 til 2,1 stilling.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

Kontrollutvalet sin aktivitet i 2021:

Ålesund kontrollutval har i 2021 (2020) hatt 8 (8) møter. Eit av møta vart halde som fjernmøte, på grunn av gjeldande restriksjonar knytt til pandemien. Dei 7 andre møta er avvikla som ordinære møter.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har dette året blitt sendt til medlemmane og 1. varamedlem i utvalet samt ordførar v/ politisk sekretariat, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta blir lagt ut på kontrollutvalet si heimeside www.kontrollutval.no/alesund og er der tilgjengeleg for


alle. Nytt av året er at det no er lenke til dokumenta frå politisk møtekalendar på Ålesund kommune si heimeside, slik at folk flest kan finne kontrollutvalet sine dokument der dei elles finn dokument til andre politiske organ.

Ålesund kontrollutval har i 2021 (2020) behandla 40 (46) saker. Møteprotokollar vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Leiar i kontrollutvalet har løfta det fram i kommunestyremøta, om der har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gje særskilt merksemd. Dei saker der kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen.

Økonomi og revisjon:

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Kommunedirektøren har møtt utvalet nokre gonger dette året, for å gje informasjon om status for økonomien og om korleis økonomistyringa er.

I tillegg får utvalet fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon. rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor er som oftast til stades på kontrollutvala sine møter for å ivareta god dialog med utvalet.



Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen sitt og dei kommunale foretaka sine rekneskap for 2020. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor.

Kontrollutvalet tilrødde at rekneskap og årsmelding både for det enkelte foretak og for kommunen vart godkjent. Kontrollutvalet gjorde kommunestyret merksam på at det ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set. Og utvalet minte kommunestyret om at ein ved utgangen av 2020 hadde eit akkumulert underskot som set store krav til budsjett disiplin i åra framover.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kontrollutvalet si tilråding har kommunestyret vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. I tråd med denne vart rapporten frå forvaltningsrevisjon sjølvkost innan teknisk sektor levert i haust.

Formålet med denne revisjonen var å sjå på om kommunen hadde rutiner som sikra god handtering av sjølvkostområda, om gebyra var i samsvar med regelverket og om sjølvkostfonda vert rett handtert.

Kontrollutvalet gav si tilråding til kommunestyret som fatta vedtak 09.12.2021 i sak 245/21. Kontrollutvalet vil følgje opp vedtaket gjennom 2022, og vil etter kvart invitere kommunedirektøren til å gje informasjon om status på tilrådingane.

Når det gjeld eigarskapskontroll så låg det som forutsetning i planen at kommunen si eigarskapsmelding skulle vedtakast før ein sette i gang med ein kontroll. Eigarskapsmeldinga var vedteken 22.04.2021 i kommunestyret og kontrollutvalet har starta arbeidet med å bestille prosjektplan for ein eigarskapskontroll. Denne kontrollen vert gjennomført i 2022.

Andre saker:

Kontrollutvalet har til nokre av møta invitert kommunedirektøren for å gje utvalet informasjon om ulike tema. I 2021 har det vore orientering om tilskot til private skular, om internkontroll med vekt på rutiner og heilskapleg plan, om varslingsinstituttet i kommunen, om revidert reglement for folkevalde organ og som før nemnt om status for økonomi.

Andre saker kontrollutvalet har vurdert er mellom anna arbeidsvilkår for folkevalde, spørsmål kring driftsmessige tilhøve ved Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS og sakshandsaming knytt til overføring av festeavtale. Kontrollutvalet gav si tilråding til kommunestyret som fatta vedtak i desse sakene. Ingen av vedtaka tilsa at kontrollutvalet skulle ha grunn til å setje i gang kontrollhandlingar knytt til dei forhold sakene peikar på.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som Sivilombudet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det.

Når kontrollutvalet mottok ei henvending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling. Som ei hjelp i ei slik vurdering har kontrollutvalet hatt nytte av ein trafikklysmodeell knytt til sentrale spørsmål.

Sentrale spørsmål	Ja	Delvis	Nei
• Viser saken til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?			
• Viser saken til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?			
• Dreier saken seg i hovedsak om en personlig enkeltsak?			
• Er saken under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombudsmann, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?			
• Er det annen naturlig behandlingsvei for saken (ref. organene nevnt over)?			
• Vedrører saken misnøye med et politisk fattet vedtak?			
• Kan saken, og sakens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?			
• Berører saken et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?			
• Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?			
• Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?			

Illustrasjon frå FKT/Deloitte

Det har alltid vore lagt vekt på at kontrollutvalet held seg oppdatert om informasjon og fagutvikling som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Diverre vart det i 2021 ikkje halde dei vanlege fagkonferansane for kontrollutvala grunna pandemisituasjonen, men nokre av dei vart gjennomførte som digitale tilbod.

Lokalt tok kontrollutvalsekretariatet initiativ til ei ettermiddagssamling for leiarane i dei seks kontrollutvala knytt til dette sekretariatet. Fagutvikling, nettverksbygging og erfaringsutveksling var hovudfokus på samlinga, og initiativet vart tatt godt i mot av leiarane.

Takk

Ålesund kontrollutval takkar kommunestyret for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Ålesund 26.01.2022

Ålesund kontrollutval ved:

Bente Bruun (leiar), Kåre Alfred Hanken, Terri-Ann Senior, Jannicke Strømmen og Knut Helge Vestre.